



---

# FLAGGREGLEMENT FOR SKJÅK KOMMUNE

---

Vedteke i Kommunestyret 31.5.2022



1. MAI 2022  
SKJÅK KOMMUNE

## Innhold

<b>Lover og forskrifter om det norske flagget.....</b>	<b>2</b>
<b>Det norske flagget .....</b>	<b>2</b>
<b>Tidspunkt for heising og firing av det norske flagget .....</b>	<b>2</b>
<b>Flagging på halv stong .....</b>	<b>2</b>
<b>Andre flagg, vimplar og banner .....</b>	<b>3</b>
<b>Offisielle flaggdagar.....</b>	<b>3</b>
<b>Andre flaggdagar .....</b>	<b>4</b>
<b>Flaggreglar for Skjåk .....</b>	<b>4</b>
<b>Flagging ved gravferd .....</b>	<b>5</b>
<b>Flagging etter avtale/søknad .....</b>	<b>5</b>
<b>Eksklusivt for Fjellpride på Sota: .....</b>	<b>5</b>

## Lover og forskrifter om det norske flagget

- ["Lov om Norges Flag"](#)(Flaggloven) datert 10.12.1898. Loven fastset korleis flagget skal sjå ut og bruken av det.
- ["Forskrift om bruk av statsflagget og handelsflagget"](#), datert 21.10.1927, sist endra 03.12.2004. Forskrifta fastset nærare regler for bruken, blant anna offisielle flaggdagar og når flagget kan heisast og firast.
- ["Lov om flagging på kommunanes offentlege bygningar"](#), datert 29.06.1933, sist endra 04.06.2021. Forskrifta fastset kva slags flagg som kan nyttast ved kommunen sine offentlege bygningar.
- ["Forskrift om adgang til i særlege tilfelle å nytte framande land sine flagg ved sida av det norske flagget på kommunale offentlege bygningar"](#) datert 06.07.1933.

## Det norske flagget

Det norske flagget finst i to utgåver; statsflagget og handelsflagget. Statsflagget er splitta, og blir berre brukt av statlege institusjonar. Handelsflagget reknast som nasjonalflagget. Dette er rektangulært med storleik forhaldet 8:11.

Nasjonalflagget er Norge sitt symbol og skal handsamast med respekt.

Eit flagg skal ikkje røre ved bakken, klippast i eller til smussast på nokon annan måte.

Når eit flagg skal bytast ut, til dømes fordi det er falma eller slitt, skal flagget sprettast opp og skilje fargene frå kvarandre eller det skal brennast.

## Tidspunkt for heising og firing av det norske flagget

Fylgjer av [flaggforskrifta av 1927 § 6](#):

" Flagget heisast i månadane mars til og med oktober kl. 0800, i månadane november til og med februar kl. 0900. Flagget skal senkast ved solnedgang, og ikkje seinare enn kl. 2100 dersom sola går ned etter dette tidspunktet".

## Flagging på halv stong

Å flagge på halv stong vil si at flagget fyrst skal heisast heilt opp (heil stong), halde der eit augeblikk, og så firast på "halv stong" – som er ein tredjedel ned frå toppen av flaggstonga. Ved gravferd er det tradisjon for å flagge på halv stong heile dagen i Skjåk.

## Andre flagg, vimplar og banner

Skjåk kommune flaggar ikkje med andre land sine nasjonalflagg.

Ordførar kan gjere unntak frå dette.

Det kan flaggast med nasjonalvimpel – det norske flagget med eller utan kors, i periodar.

Ein vimpel er definert som eit trekanta flagg der lengda er større enn høgda. Ein vimpel skal ikkje vere lengre enn 1/3 av flaggstonga si lengde.

Det kan flaggast med arrangementsflagg og arrangementsbanner, dvs. flagg/banner med arrangementsmotiv eller logo. Dette gjeld når ein skal profilere eit arrangement eller ein arrangør når dette er knytt til ei særskilt hending. Til dette skal i hovudsak dei tre flaggstengene som er oppført mellom Skjåk kjøpesenter og YX og ved portalane i Bismo, nyttast.

Eit banner skal i hovudsak henge loddrett ned langs flaggstonga med største lengde langs flaggstonga.

Vimplar og banner kan henge oppe utan tidsavgrensing, dvs. heile natta og i hele den aktuelle perioden. Det same gjeld for regnbogeflagget, FN-flagget og eventuelle arrangementsflagg.

## Offisielle flaggdagar

### 1) Det skal flaggast frå kommunehuset i Skjåk på alle dei offisielle flaggdagane.

Dei offisielle flaggdagane fylgjer av [flaggforskrifta § 4](#).

- 1. januar: 1. nyttårsdag
- 21. januar: H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandra sin fødselsdag
- 6. februar: Samefolket sin dag
- 21. februar: H.M. Kong Harald V sin fødselsdag
- 23. mars: Nordens dag
- 1. mai: Offentleg høgtidsdag
- 8. mai: Frigjeringsdagen 1945
- 17. mai: Grunnlovsdagen
- 7. juni: Unionsoppløysinga 1905
- 4. juli: H.M. Dronning Sonja sin fødselsdag
- 20. juli: H.K.H. Kronprins Haakon Magnus sin fødselsdag
- 29. juli: Olsokdagen
- 19. august: H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit sin fødselsdag

- 25. desember: 1. juledag
- 1. påskedag
- 1. pinsedag

## **2) Ved Skjåkheimen skal flagget heisast:**

- **1. januar:** 1. nyttårsdag
- **1. mai:** Offentleg høgtidsdag
- **8. mai:** Frigjeringsdagen 1945
- **17. mai:** Grunnlovsdagen
- **7. juni:** Unionsoppløysinga 1905
- **29. juli:** Olsokdagen
- **25. desember:** 1. juledag
- 1. påskedag
- 1. pinsedag

## **3) Ved kommune- og Stortingsval skal flagget heisast ved kommunehuset og Skjåkheimen.**

## **4) Ved Dønfoss barnehage og Skjåk barne og ungdomsskule skal det flaggast den 1. mai, 8. mai og 17. mai. Det skal og flaggast 1. skuledag.**

## **Andre flaggdagar**

Det kan flaggast med nasjonalflagget ved høgtidelege og festlege høve i nasjonen eller kongehuset og ved offisielle besøk av medlemmer av kongehuset. Det kan også flaggast når dette blir sett på som viktig eller nødvendig, jf. flaggforskrifta § 4.

## **Flaggreglar for Skjåk**

Skjåk kommune har flaggstong ved kommunehuset og ved Skjåkheimen. I tillegg er det flaggstong ved Dønfoss barnehage og ved Skjåk barne- og ungdomsskule.

## **Andre flaggstenger som Skjåk kommune har ansvar for:**

Det er oppført tre særeigne flaggstenger mellom Skjåk kjøpesenter og YX. Desse symboliserer staven som vart funnen under Lendbreen og er frå om lag 800 år e. Kr. Eit særeige flette mønster frå denne staven er nytta som logo for Skjåk. Det er og mogleg å flagge med to flagg på kvar portal i Bismo. Desse flaggstengene og portalane kan nyttast til ulike arrangement med banner, vimplar og flagg.

Kvalitet og utforming av arrangementsflagg og -banner skal i tilfelle godkjennast av Kommunedirektøren.

All ekstraordinær flagging skal meldast til teknisk drift.

## **Flagging ved gravferd**

Det bør flaggast på halv stang på offisielle flaggstenger ved gravferda til:

- Nåverande og tidlegare ordførarar og andre nåverande kommunestyrerepresentantar – flagging på halv stong ved kommunehuset i Skjåk
- Nåverande tilsett – flagging på halv stong ved tenestestad der denne var tilsett
- Nåverande bebuar i kommunal institusjon – flagging ved institusjonen
- Nåverande elev ved kommunal skule – flagging på halv stong ved skolen der eleven gjekk

Det skal også flaggast på halv stong dersom det er gjeve nasjonale føringar om dette, eller det på grunn av andre særskilte høve er naturleg å flagge på halv stong.

## **Flagging etter avtale/søknad**

Dersom ulike arrangørar ynskjer å bruke flaggstenger ved kommunale offentlege bygningar i samband med eit arrangement, må løyve til dette innhentast frå kommunen i god tid før arrangementet. Dette gjeld uansett kva for type flagg/vimpel/banner arrangøren ynskjer å bruke. Det er Kommunedirektøren som avgjer slike søknadar, med klagerett til Formannskapet.

Flaggforskrifta må fylgjast ved flagging med nasjonalflagget.

I dei høva der det kjem fleire spørsmål om flagging frå same stad for same dag/tidsrom, vil den som søker fyrst normalt få fortrinnsrett.

## **Ekklusivt for Fjellpride på Sota:**

- 1) Skjåk kommune flaggar med regnbogeflagget under FjellPride på Sota.
- 2) Det vert flagga med prideflagg ved kommunehuset og dei tre flaggstengene i sentrum som står mellom Skjåk kjøpesenter og YX.
- 3) Miljø og samfunnsutvikling ved teknisk drift har ansvaret for flagginga.